



## Plan, arealbruk og beredskap - Plan

Vår ref: 2005/3366

Dato: 29.08.2005, sist revidert 28.11.05.

# Kommuneplan for Kvinnherad – samfunnsdelen Framlegg til planprogram

## 1. Føremålet med planen

Føremålet med samfunnsdelen i kommuneplanen er å behandla langsiktige utfordringar og trekkja opp mål og retningslinjer for utvikling i Kvinnherad kommune som samfunn og organisasjon. Samfunnsdelen skal leggjast til grunn for arbeid med handlingsplan, kommunedelplanar (arealplanar) og sektorplanar.

Samfunnsdelen skal avløysa kommuneplan for Kvinnherad – måldokument 1999-2010 som vart vedteke i kommunestyret 31.08.00.

Det skal utarbeidast eit dokument om kjerneverdier og visjonar for Kvinnherad. Dette skal leggjast til grunn for arbeidet med samfunnsdelen.

Samfunnsdelen skal utformast med sikte på at dokumentet også kan nyttast som informasjon om Kvinnherad kommune som samfunn.

## 2. Hovudutfordringar

Måldokumentet frå 2000 skal gjennomgåast med sikte på å få fram endringar i utfordringar og problemstillingar frå 2000 til i dag.

For å komma fram til dagens hovudutfordringar, kan det m.a. gjennomførast ein idedugnad i kommunestyret. Aktuelle utfordringar kan også komma som innspel i samband med høyring av planprogrammet.

I planarbeidet kan det m.a. fokuserast på følgjande prioriterte hovudtema:

- Samfunnsutvikling og næringsutvikling
- Kommunikasjonar
- Differensiert arealforvaltning
- Utvikling mot rekreasjonssamfunnet
- Samarbeid med nabokommunar og regionar
- Tilhøvet til regionale styresmakter
- Partnerskap som verkemiddel for samhandling mellom det offentlege og private
- Profilering av kommunen, merkevarebygging

Denne lista må sjåast på som eit diskusjonsgrunnlag.

Det må vurderast i kva grad det er nødvendig med analysar og utgreiingar av nærare definerte tema.

### 3. Planinnhald

Planen skal innehalda både fakta om dagens tilhøve og mål for framtidig utvikling.

Planen skal m.a. innehalda fakta om folketalsutvikling, næringsstruktur og særlege attraksjonar i reiselivssamanheng. Planen skal også innehalda utviklingstrekk i samfunnet (endring i demografi, utvikling mot rekreasjonssamfunnet osv.).

Med bakgrunn i fakta skal planen innehalda mål og retningsliner for:

- Senterstruktur og busetnad (eitt hovudsenter i kommunen og fleire kommunedelsenter, kommunen sin rolle i tilrettelegging for utbygging, fjordlandsbyar)
- Levekår (oppvekst, helse- og sosiale tenester, kulturutvikling, friluftsliv, fysisk tilgjengelegheit)
- Næringsutvikling og sysselsetjing (industriutvikling, primærnæringane, havbruk, reiseliv, kultur som næring, næringsutvikling i tilknytning til nasjonalparken, arbeidsmarknad)
- Kommunikasjonar (hovudvegnettet, trafikksikring, breiband, kollektivtransport)
- Energipolitikk (kraftutbygging - både for stor og liten målestokk, bioenergi)
- Arealforvaltning (kommunedelplanar, klassifisering av landbruksareal, funksjonell strandsone, m.m)
- Samfunnstryggleik og beredskap (kriseberedskap, ROS-analysar, smittevern)
- Kommunen som organisasjon (kommunestruktur, primær oppgåver, utbygging etter partnerskapsavtalar, samarbeid med nabokommunar, tilhøvet mellom kommuneforvaltning og overordna myndigheiter, tilhøvet mellom kommuneplan og regionale planar, rikspolitiske retningsliner og nasjonale føringar)
- Natur- og miljøvern (biomangfold, landskap, forurensing m.m)
- Kulturminneforvaltning

### 4. Organisering og medverknad

Formannskapet som styringsgruppe vedtok i møte 11.08.05 opplegg for revisjon av langsiktig del av kommuneplanen (samfunnsdelen). Det vert lagt opp til revisjon midt i kommunestyreperioden.

Planarbeidet vert å organisera på følgjande måte:

<b>Styringsgruppe</b>		
<b>Politisk arbeidsgruppe</b>	<b>Administrativ arbeidsgruppe</b>	<b>Tverrfagleg referansegruppe</b>

**Styringsgruppe:** formannskapet

**Politisk arbeidsgruppe:** fem formannschaftsmedlemer valde av formannskapet (gjort på møte 11.08.05).

**Administrativ arbeidsgruppe:** rådmann (prosjektleder), planleggjarar PAB (sekretariat) og verksemdsleiar PAB.

**Tverrfagleg referansegruppe:** aktuelle fagansvarlege i kommuneadministrasjonen.

Politisk arbeidsgruppe og tverrfagleg referansegruppe rapporterer til den administrative arbeidsgruppa. Styringsgruppa skal haldast informert under heile planprosessen og ha høve til å komma med føringar for planarbeidet.

Det vert lagt opp til ei brei deltaking frå private verksemdar, organisasjonar og innbyggjarar. Det skal leggjast stor vekt på deltaking frå næringslivet, gjerne ved hjelp av utpeika verksemdar.

Planprosessen skal følgja reglane i plan- og bygningslova når det gjeld oppstartsmelding, kunngjering, høyring, osv. I samband med oppstartsmelding og høyring av planprogrammet vil det bli invitert til å komma med innspel til planarbeidet, både utfordringar, målformuleringar og aktuelle strategiar for å nå skisserte mål.

Planprogrammet skal i samband med oppstartsmelding leggjast fram for fylket sitt planforum.

Planprogrammet skal behandlast i kommunestyret etter at det har vore på høyring. I denne samanheng kan det vera aktuelt å invitera kommunestyret til ein idedugnad om innhaldet i plandelen og utpeiking av hovudtema i planen. Dette arbeidet må også sjåast i høve til gjeldande plan, og på kva område føresetnadene er endra sidan denne vart vedteken i kommunestyret.

## **5. Planframstilling**

Det vert teke sikte på ei meir «fengjande» framstilling av planen enn det som er gjort tidlegare. Eitt av argumenta for å leggja meir ressursar ned i dette er å gjera planen meir kjent blant innbyggjarane i kommunen, kommuneforvaltninga og overordna myndigheiter.

Eit anna argument er å bruka planen som generell informasjon om kommunen. I tillegg til gruppene som er nemnde i avsnittet ovanfor, vert det også tenkt på tilflyttarar og tilreisande til kommunen, samarbeidspartnarar, etablerarar osv.

For å få dette til, er det henta inn kommunikasjonsfagleg hjelp frå firmaet Oktan Sydvest.

Finansiering av planarbeidet vert å vurdere i samband med budsjettet for 2006.

## **6. Framdriftsplan**

Formannskapet slutta seg i møte 11.08.05 til følgjande førebels framdriftsplan:

1. Formannskapet som styringsgruppe drøftar omfang og organisering av revisjonsarbeidet. (Gjort i møte 11.08.05.)
2. Utarbeiding av planprogram og kunngjering av oppstart. (Nov. 2005.)
3. Leiar i pol. arbeidsgruppe orienterer K-styret om planarbeidet (K-møte 24.11.05.)
4. Idedugnad i K-styret om visjonar og verdiar (K-møte 15.12.05.)
5. Informasjons- og drøftingsmøte mellom politisk arbeidsgruppe, tverrfagleg referansegruppe, regionale myndigheiter og aktuelle organisasjonar. Arbeidsmøte mellom politisk arbeidsgruppe og aktuelle private bedrifter.
6. Adm. arbeidsgruppe lagar i samråd med politisk arb.gruppe eit samla planforslag. Forslaget vert drøfta på fellesmøte mellom politisk arbeidsgruppe og tverrfagleg referansegruppe.
7. Rådmannen utarbeider eit endeleg planforslag til behandling i formannskap og kommunestyre.

Framdriftsplanen må reviderast og gjerast meir detaljert under vegs.

Det er eit mål at kommuneplanens samfunnsdel er vedteken innan utgangen av 2006.